



Alver kontrollutval

Møteprotokoll

Møtedato: 20. oktober 2020 kl. 09:00 – 13:30

Stad: Formannskapsrommet, kommunehuset på Frekhaug

Tilstade: Jimmy Pasali (leiar), Harald Breivik (nestleiar), Karolina Vaktskjold (medlem), Rolf Sandstad (medlem), Solbjørg Åmdal Sandvik (medlem), Margrethe Aven Storheim (medlem) og Arild Tveranger (medlem)

Forfall:

Innkalla: Rådmann Ørjan Raknes Forthun (til sak 69/20 og 70/20) og avd.leiar politisk sekretariat Tove-Mette Fyllingen (til sak 71/20)

Revisor: Statsautorisert revisor Harald Sylta, KPMG

Sekretær: Tonje Husum Aarland, Nordhordland Utviklingsselskap IKS (NUI)

63/20 Godkjenning av innkalling og sakliste til møtet 20. oktober 2020

Saksopplysingar:

Innkalling og sakliste til møtet vert lagt fram til godkjenning.

Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste til møte i kontrollutvalet 20. oktober 2020 er godkjent.

Behandling i møte:

Ingen merknader til innkalling og sakliste til møtet.

Samrøystes vedtak:

Innkalling og sakliste til møte i kontrollutvalet 20. oktober 2020 er godkjent.



64/20 Godkjenning av protokoll frå møte i kontrollutvalet 8. september 2020

Saksvedlegg:

Møteprotokoll frå møtet 08.09.2020

Saksopplysingar:

Møteprotokollen frå førre møtet vert lagt fram til godkjenning.

Framlegg til vedtak:

Møteprotokoll frå møtet 08.09.2020 er godkjent slik den ligg føre.

Behandling i møte:

Ingen merknader til møteprotokollen frå førre møtet.

Samrøystes vedtak:

Møteprotokollen frå møtet 08.09.2020 er godkjent slik den ligg føre.

65/20 Skriv og meldingar

- a. Forskrift om adgang til fjernmøter
- b. Innkomne henvendingar

Saksopplysingar:

a. Regjeringa har fremma lovpropositjon med forslag til to midlertidige lovbestemmingar, som gjev unntak frå kommuneloven og IKS-loven.

b. Orientering om innkomne henvendingar og vurdering om eventuell vidare oppfølging.

Framlegg til vedtak:

Ingen framlegg til vedtak.

**Behandling i møte:**

- a. Sekretær orienterte om lovproposisjonen med forslag til midlertidig lovbestemmingar om mellom anna rammer for adgang til å halde fjernmøter i folkevalde organ.
- b. Kontrollutvalsleiar orienterte om innkomne henvendingar:
- Ei henvending frå ein privatperson om problemstillingar knytt til ferdigattest og godkjenning av ein bolig i gamle Radøy kommune.
Kontrollutvalet drøfta og vurderte at dette ikkje er ein sak som faller innunder kontrollutalet sin mynde, og vil ikkje følgje saka vidare opp.
 - Ei henvending frå ein privatperson om gasslekasje i huset og kommunen sin oppfølging av dette.
Kontrollutvalet drøfta saka og vurderte at ettersom dette er ein pågåande sak, vil ikkje kontrollutvalet ikkje gå nærmare inn i saka på noverande tidspunkt.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

66/20 Rutine for handsaming av innkomne meldingar**Saksvedlegg:**

Skriv om henvendingar til kontrollutvalet, Sekretariat for kontrollutvalet

Saksopplysingar:

Kontrollutvalet sitt ansvar og mynde er regulert av kommuneloven § 23-2, og skal føre løpende kontroll med den kommunale verksemda på kommunestyret sine vegne, jf. kommuneloven § 23-1. Kontrollutvalet er ikkje eit klageorgan og kan ikkje handsame enkeltvedtak som har vore til administrativ handsaming. Dersom kontrollutvalet mottek meldingar om saker som utvalet opplever kan vere eit uttrykk for svikt i system eller rutinar i kommunen, kan kontrollutvalet velje å følgje opp ved å sjå nærmare på kommunen sitt system eller rutinar på det gitte området.

Kontrollutvalet skal vere varsom med å handsame enkeltsaker, og det kan vere føremålsteneleg at kontrollutvalet vert einige om ein fast prosedyre for korleis utvalet handsamer meldingar om slike saker.



Sekretær for kontrollutvalet har sett nærmere på rutinar for handsaming av innkomne meldingar, jf. handsaminga i kontrollutvalet i sak 46/20, og vil orientere om dette i møtet.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Behandling i møte:

Sekretær for kontrollutvalet orienterte om rutiner for handsaming av innkomne meldingar. Det er utarbeida eit notat som kan sendast ut ved henvendingar til kontrollutvalet. Kontrollutvalet hadde nokre forslag til endringar, og sekretariatet skal oppdatere notatet og sende dette ut saman med møteprotokollen.

Kontrollutvalet drøfta korleis ein kan handsame ulike type henvendingar som kjem til kontrollutvalet. Sekretariatet peika på mandatet til kontrollutvalet og lovkrava som regulerer kva kontrollutvalet skal, kan og ikkje skal handsame.

Kontrollutvalet peika på at det er viktig at det vert gjort ein forventingsavklaring med dei som henvender seg til kontrollutvalet, slik at dei forstår at kontrollutvalet jobbar i eit systemfokus, og ikkje kan handsame klagesaker eller handsame enkeltsaker på nyt.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

67/20 Risko- og vesentlegvurdering – plan for forvaltningsrevisjon

Saksvedlegg:

Risiko- og vesentlegvurdering, KPMG

Oppdatert plan for forvaltningsrevisjon, KPMG

Saksopplysingar:

KPMG har utarbeida risiko- og vesentlegvurdering, samt framlegg til plan for forvaltningsrevisjon. Plan for forvaltningsrevisjon skal innehalde prioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekt for perioden, jf. koml. § 23-3. Kommunestyret skal vedta planen etter innstilling frå kontrollutvalet.



I førre møtet gjennomgjekk KPMG risiko- og vesentlegvurderingane og utkast til plan for forvaltningsrevisjon. Kontrollutvalet vurderte og prioriterte aktuelle område, og revisjonen vil i dette møtet legge fram oppdatert plan for forvaltningsrevisjon til grunnlag for innstilling.

I oppdatert plan for forvaltningsrevisjon for 2020 – 2024 er følgjande område for forvaltningsrevisjon sett i prioritert rekkefølgje:

1. Oppvekst og tidleg innsats
2. Innkjøp (inkludert sosial dumping)
3. Beredskap; hendingar og katastrofar
4. Personvern og informasjonstryggleik
5. Habilitet
6. Økonomisk bærekraft og økonomistyring

Kontrollutvalet skal vedta ei innstilling til plan for forvaltningsrevisjon som vert lagt fram for kommunestyret til endeleg handsaming.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet innstiller til plan for forvaltningsrevisjon for 2020 – 2024 slik den kjem fram av oppdatert plan med følgjande område i prioritert rekkefølgje:

1. Oppvekst og tidleg innsats
2. Innkjøp (inkludert sosial dumping)
3. Beredskap; hendingar og katastrofar
4. Personvern og informasjonstryggleik
5. Habilitet
6. Økonomisk bærekraft og økonomistyring

Kontrollutvalet innstiller til at kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjøre endringar i planen, i samsvar med kommuneloven § 23-3.

Behandling i møte:

Saka vart handsama etter sak 70/20.

Statsautorisert revisor Harald Sylta orienterte om bakgrunn og føremål for risiko- og vesentlegvurderinga og tydeleggjorde forskjellene mellom dette grunnlagsdokumentet og rapportar etter gjennomførte forvaltningsrevisjonar.

I risiko- og vesentlegvurderinga er det skildra eit overordna risikobilde av kommunen, med fokus på dei områda som vurderast som vesentlege for prioritering av undersøkingar gjennom forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll.

Kontrollutvalet drøfta prioriteringane på planen og vurderte kortid det vil vere føremålsteneleg å gjennomføre forvaltningsrevisjon innan dei ulike områda.

**Votering:**

Det kom alternativt framlegg til vedtak om å endre prioriteringa i planen og flytte punkt 6. opp til punkt 3., og at alle under dette forskyvast nedover på planen.

Kontrollutvalet gjorde ei votering og 1 av 7 faste medlemmer stemte for dette vedtaket.

Kontrollutvalet gjorde ei votering av framlegg til vedtak slik det ligger i saka om å innstille til prioritert plan slik den kjem fram av sakspapira. Kontrollutvalet gjorde ei votering og 6 av 7 faste medlemmer stemte for dette vedtaket.

Vedtak:

Kontrollutvalet innstiller til plan for forvalningsrevisjon for 2020 – 2024 slik den kjem fram av oppdatert plan med følgjande område i prioritert rekkefølgje:

1. Oppvekst og tidleg innsats
2. Innkjøp (inkludert sosial dumping)
3. Beredskap; hendingar og katastrofar
4. Personvern og informasjonstryggleik
5. Habilitet
6. Økonomisk bærekraft og økonomistyring

Kontrollutvalet innstiller til at kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjere endringar i planen, i samsvar med kommuneloven § 23-3.

Innstilling til vedtak i kommunestyret:

Kommunestyret vedtek plan for forvalningsrevisjon for 2020 – 2024 slik den kjem fram av oppdatert plan med følgjande område i prioritert rekkefølgje:

1. *Oppvekst og tidleg innsats*
2. *Innkjøp (inkludert sosial dumping)*
3. *Beredskap; hendingar og katastrofar*
4. *Personvern og informasjonstryggleik*
5. *Habilitet*
6. *Økonomisk bærekraft og økonomistyring*

Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjere endringar i planen, i samsvar med kommuneloven § 23-3.



68/20 Risiko- og vesentlegvurdering – plan for eigarskapskontroll

Saksvedlegg:

Oppdatert plan for eigarskapskontroll, KPMG

Saksopplysingar:

KPMG har utarbeida risiko- og vesentlegvurdering, samt framlegg til plan for eigarskapskontroll. Plan for eigarskapskontroll skal innehalde prioriterte kontrollar for denne perioden, jf. koml. § 23-4. Kommunestyret vedtek planen etter innstilling frå kontrollutvalet.

I førre møtet gjennomgjekk KPMG risiko- og vesentlegvurderingane og utkast til plan for eigarskapskontroll.

I oppdatert plan for eigarskapskontroll for 2020 – 2024 er det prioritert følgjande område:

1. Generell eigarstyring

I uprioritert rekkefølge er desse områda aktuelle for eigarskapskontroll:

- Næringsutvikling
- Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap IKS

Kontrollutvalet skal vedta ei innstilling til plan for eigarskapskontroll som vert lagt fram for kommunestyret til endeleg handsaming.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet innstiller til plan for eigarskapskontroll for 2020 – 2024 slik den kjem fram av oppdatert plan med følgjande område

- *Priorert:*
 1. *Generell eigarstyring*
- *Uprioritert:*
 - *Næringsutvikling*
 - *Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap IKS*

Kontrollutvalet innstiller til at kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjere endringar i planen, i samsvar med kommuneloven § 23-4.

**Behandling i møte:**

Statsautorisert revisor Harald Sylta orienterte om bakgrunn og føremål med risiko- og vesentlegvurding om eigarskap.

Med utgangspunkt i risiko- og vesentlegvurderinga er det framlegg til å prioritere generell eigarstyring som prioritert område.

Samråystes vedtak:

Kontrollutvalet innstiller til plan for eigarskapskontroll for 2020 – 2024 slik den kjem fram av oppdatert plan med følgjande område

- prioritert:
 1. Generell eigarstyring
- uprioritert:
 - Næringsutvikling
 - Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap IKS

Kontrollutvalet innstiller til at kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjere endringar i planen, i samsvar med kommuneloven § 23-4.

Innstilling til vedtak i kommunestyret:

Kommunestyret vedtek plan for eigarskapskontroll for 2020 – 2024 slik den kjem fram av oppdatert plan med følgjande område

- prioritert:
 1. Generell eigarstyring
- uprioritert:
 - Næringsutvikling
 - Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap IKS

Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjere endringar i planen, i samsvar med kommuneloven § 23-4.

69/20 Orientering om bruk av sluttspakker**Saksopplysingar:**

Rådmann er beden om å orientere kort om bruk av sluttspakker i Alver kommune.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

**Behandling i møte:**

Saka vart handsama etter sak 65/20.

Rådmann Ørjan Raknes Forthun orienterte kort om at det ikkje er aktiv bruk av sluttspakker i Alver kommune. Dette vert berre brukt svært unntaksvis, og har vore brukt av rådmann om lag 2 ganger i Lindås kommune. Det vart peika på utfordringar med budsjettet og eventuelt moglegheit for bruk av sluttspakker på eit seinare tidspunkt dersom dette vert vurdert som eit verktøy for å nedskalere bemanning.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

70/20 Orientering om internkontroll og forbettingsarbeid**Saksopplysingar:**

Rådmann vil i møtet gje ei kort statusorientering om internkontroll og pågåande forbettingsarbeid.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Behandling i møte:

Saka vart handsama før sak 66/20.

Rådmann Ørjan Raknes Forthun orienterte om oppfølging av internkontroll og pågående forbettingsarbeid. Det vart orientert om:

- Utviklings- og forbettingsprogram, sak 71/20 i kommunestyret.
- Verksemddsstyring – fokus på utvikling av gode plan- og styringsprosessar, og digitalisering og bruk av Framsikt.
- Verksemddsstyring famnar all aktivitet knytt til leiing av planlegging og styring av drifts- og utviklings-oppgåver.
- Tre hovudområde; tenesteutvikling, overordna planlegging og styring, leiing
- Fokus innan tenesteutvikling;
 - Kontinuerleg forbeting innan arbeidsprosesser og løfte bruk av digitale verktøy, som automatiserte arbeidsoppgåver.
 - Etablering av verksemdarkitektur for Alver kommune for å koble datasystem betre saman.



- Samhandling mellom tenestene med eit innbyggjarperspektiv.
- Helse- og omsorgsprosjektet – PWC har fått i oppdrag å identifisere og analysere områder som ein kan drive meir kostnadseffektivt innan helse- og omsorgstenestene. Rapporten frå dette arbeidet er berekna ferdig rundt årsskiftet.
- Overordna planlegging og styring
 - Strategi- og styringsdokument – for å sikre overordna strategiske grep tilpassa endringar i rammeføresetnader.
 - Heilskapleg digitalt styringssystem – Framsikt.
 - Oppfølging av politisk vedtak – i dialog med andre kommunar om elektroniske verktøy for dette.
 - Internkontroll – pågåande anbodsrunde på nytt kvalitetssystem.
 - Beredskap og overordna systematikk for dette, og arbeid med teneste-ROS og beredskapsplanar.
 - Prosjektstyring med fokus på investerings- og utviklingsprosjekt og planarbeid innanfor økonomiske og tidsmessige rammer.
- Leiarutvikling og fokus på god rekruttering, utvikling og oppfølging.

Kontrollutvalet takka for orienteringa og ber om at presentasjonen vert lagt ved møteprotokollen.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

71/20 Orientering om rutinar for godtgjersle og reiserekning**Saksopplysingar:**

Leiar for politisk sekretariat i Alver kommune vil i møtet orientere nærmare om rutinar for godtgjersle og mal for reiserekningar for medlem av folkevalde organ.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

**Behandling i møte:**

Avd.leiar for politisk sekretariat Tove-Mette Fyllingen orienterte om møtegodtgjersle, reiserekning og tapt arbeidsforteneste, og orienterte mellom anna om:

- Kommunelova om rettigheter og plikter for folkevalde, jf. kommuneloven kapittel 8.
- Kapittel om godtgjersle i politisk styringsstruktur og reglement for Alver kommune.
- Reglement for dette skal utformast som eiga forskrift og forventa vedtak i kommunestyret om dette i november.
- Arbeidsvilkår og godtgjersle for folkevalde
 - Berekning etter ordførar sin godtgjersle.
 - Kontrollutvalet får ein etterbetaling i november og kjem inn under rutine for faste godtgjersler frå november.
 - Folkevalde må sjølv sende inn krav for andre møter, kurs, utgifter mm.
- Tapt arbeidsforteneste – legitimert
 - Tapt arbeidsforteneste vert erstatta med inntil kr 5 000 per dag og skal dokumenterast.
 - Inntektstap dekker inntil 7,5 time per dag.
- Tapt arbeidsforteneste – ulegitimert
 - Vert erstatta med inntil kr 1 000 per dag med føresetnad om tidspunkt og grunngjeving.
- Dekking av utgifter mm.:
 - Omsorgsutgifter.
 - Reise- og diettgodtgjersle etter statens regulativ.
 - Kjem elektronisk system for registrering av dette via Visma (lenke på kommunen sin heimeside under «For tilsette»).
- Krav om møtegodtgjersle eller tapt arbeidsforteneste kan sendast på e-post til politisk sekretariat eller postmottak, og merke med kva møte/organ det gjeldt.

Kontrollutvalet stilte spørsmål om tolkinga av det vedtekne reglementet om faste medlemmer sin rett på PC, jamfør side 22 i dokumentet. Det står at faste medlem i kommunestyre-, formannskap- og utval i tillegg til den ordinære faste godtgjersla og møtegodtgjersla for kvart møte skal velja om ein vil ha communal PC eller kr 1 000,- pr. år (for bruk av privat PC). Kontrollutvalet har per dags dato ikkje fått dette tilbodet.

Kontrollutvalet takka for orienteringa og ber om at presentasjonen vert sendt ut saman med møteprotokollen.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

**72/20 Budsjett for kontroll og tilsyn****Saksopplysingar:**

Kontrollutvalet skal etter forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 2 utarbeide forslag til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen. Forslaget skal følgje innstillinga til årsbudsjettet etter kommuneloven § 14-3 tredje ledd til kommunestyret.

Sekretær i kontrollutvalet vil orientere nærmere om dette i møtet.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til etterretning.

Behandling i møte:

Kontrollutvalet drøfta budsjettet ut frå dei tala som føreligg til no, basert på budsjettet for 2020, foreløpige rekneskapstal og forventa rekneskapstal ut frå forpliktande avtalar om revisjon og sekretariat. Budsjettet skal fungere som eit overordna styringsverktøy.

Kontrollutvalet peika på det vedtekne politiske reglementet om PC til faste medlemmer i utval. Kontrollutvalet har per dags dato ikkje fått dette tilbodet, og ber om at dette vert følgt opp slik det kjem fram av s. 22 i reglementet.

Kontrollutvalet vil få framlagt forslag til budsjett for kontrollarbeidet på neste kontrollutvalsmøte og skal innstille til kommunestyret om budsjettramme for kontrollarbeidet for 2021.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til etterretning.

73/20 Møteprotokollar frå politiske utval**Saksoppsyngar:**

Kontrollutvalet vert oppmoda til å følgje med på aktiviteten til dei politiske utvala i kommunen. Politisk møteplan med innkallingar og møteprotokollar ligg i innsynsløysinga:

https://innsyn.sing.no/alver/innsyn_mote/wfinnsyn.ashx?response=moteplan&



Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet hadde ingen merknader til møteprotokollar fra politiske utval.

Behandling i møte:

Kontrollutvalet hadde ingen merknader til møteprotokollar fra politisk utval.
Kontrollutvalet drøfta kort tilstandsrapport for oppvekst som har vore handsama i kommunestyret.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet hadde ingen merknader til møteprotokollar fra politiske utval.

74/20 Eventuelt

Ingen saksopplysingar eller framlegg til vedtak i denne saka.

Behandling i møte:

Ingen saker under eventuelt. Kontrollutvalsleiar orienterte kort om saker som planleggast til neste kontrollutvalsmøtet.

Samrøystes vedtak:

Ingen saker under eventuelt.

Frekhaug, 21.10.2020

Jimmy Pasali

Leiar i kontrollutvalet

Tonje Husum Aarland
Kontrollutvalssekretær

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.